



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 13.12.2022 kl. 17:15

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Arnt Johny Langeland	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Lillian Gjervik	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem (Gjekk frå i sak 53 pga. sjølvstendig stemmerett og måtte melde forfall før handsaming av sak 57)
Karen Anny Espedal	Medlem
Aud Kari Steinsland	Varamedlem
Ingvild Loftheim	Varamedlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Forfall:

Terje Mork	Medlem
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Kristin Yndestad	Medlem

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2022/50		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2022/51		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 01.11.2022	RUNE ZIENER
SR 2022/52		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2022/53		Ny biskop i Bjørgvin	RUNE ZIENER
SR 2022/54		Oppnemning av nominasjonskomite til val av sokneråd 2023	RUNE ZIENER
SR 2022/55		Gudstenestelister	RUNE ZIENER
FR 2022/56		Signaturrett for soknet. Justering av økonomireglementet for Askvoll sokn.	RUNE ZIENER
FR 2022/57		Leiarlønn	

Askvoll, 13.12.2022

Rune Ziener
referent

SR 2022/50 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

Forslag om tilleggssak til møtet, FR 2022/57 Leiarlønn vart lagt fram i møtet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre, men med tilleggssak FR 2022/57.

SR 2022/51 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 01.11.2022

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 01.11.2022.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 01.11.2022.

SR 2022/52 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 2022/32 *Bjørgvin biskop: Godkjenning av lokal grunnordning og gudstenestemusikk i alle sokn i Bjørgvin* (18.11.2022)

M 2022/33 Kyrkjelydsutvalet i Kvammen: Referat (14.11.2022)

M 2022/34 Soknepresten i Askvoll: *Samarbeidsavtalen mellom Den norske kyrkja og fosterheimstesta* (05.12.2022)

M 2022/35 Lokale lønnsforhandlingar gjennomførte 24.11.2022.

M 2022/36 Åpen drøfting

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

MØTEHANDSAMING

Under M-sak 2022/36 Åpen drøfting, var følgjande oppe:

- Ingvild Loftheim: Føring av dagregister i kyrkjene.
- Aud Kari steinsland: Budsjettsituasjonen for soknet framover.
- Jostein Gryte: Givarteneste, jf. utfordring frå biskopen i visitasforedraget.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SR 2022/53 Ny biskop i Bjørgvin

UTGREIING

Det skal tilsetjast ny biskop i Bjørgvin.

Bjørgvin bispedømeråd nominerte fem kandidatar den 18. november. I tillegg har over hundre medlemer av kyrkja stilt seg bak ein supplerande nominasjon.

Dei seks nominerte er:

Stephanie Dietrich (56), professor ved VID

Sunniva Gylver (55), sokneprest i Fagerborg

Ragnhild Jepsen (53), domprost i Nidaros

Nils Terje Lunde (51), nestkommanderande i Forsvarets tros- og livssynskorps

Kjersti Gautesdal Norheim (48), sokneprest i Birkeland

Gudmund Waaler (59), domprost i Bjørgvin

Det skal no vere ei rådgjevande avstemming for prosessen vidare fram til 5. januar. Dei som har stemmerett er sokneråda (utan soknepresten) og ungdomsrådet i Bjørgvin, alle prestar og vigsla kateketar, diakonar og kantorar i ordna kyrkjeleg stilling bispedømet, prostane i heile landet, representantar frå teologiske utdanningsinstitusjonar og representantar frå Ungdommens kyrkjemøte.

Dei tre kandidatane med flest stemmer vert presenterte 6. januar, og biskopane og bispedømmerådet skal gje sin uttale før Kyrkjerådet føretok tilsetting 9.-10. februar.

Sjå meir informasjon om kandidatane her:

<https://kirken.no/nn-NO/bispedommer/bjorgvin-bispedome/nyhetsarkiv/bispenominasjon%20seks%20kandidatar/>

Om avstemminga:

Kyrkjerådet ber soknerådet og ungdomsrådet merke seg at avrøystinga skal gå føre seg på følgjande måte i samla møte (§ 6 i reglar om nominasjon mv. ved tilsettjing av biskop):

Menighetsrådets avstemning treffes med alminnelig flertall av de stemmene som avgis, der det først voteres over hvem som skal føres opp som nr. 1, dernest voteres over hvem som skal føres opp som nr. 2 og til sist voteres over hvem som skal føres opp som nr. 3.

Menighetsrådet skal holde ny stemmegivning hvis ingen ved første stemmegivning får flertall av de stemmer som er avgitt. Ved denne regnes den for valgt som har fått flest stemmer. Det kan før ny stemmegivning gjøres vedtak om at det bare skal stemmes på to eller flere av dem som ved første stemmegivning har fått det høyeste stemmetall. Avgjørelsen treffes ved loddrekning dersom valget fremdeles er uavgjort på grunn av stemmelikhet.

Det kan kreves skriftlig avstemning.

INNSTILLING

Ingen

MØTEHANDSAMING

Stemmegiving vart føreteke i samsvar med bestemmelser i *Regler om nominasjon mv. ved tilsetting av biskop § 6*.

Kjell Olav Høstaker Nordheim gjekk frå møtet under handsaminga, då han har sjølvstendig stemmerett.

VEDTAK

Avstemmingsresultat:

1. avstemming: Ragnhild Jepsen (6 stemmer) og Stephanie Dietrich (1 stemme).
Ragnhild Jepsen vert såleis ført opp som nr. 1.

2. avstemming: Stephanie Dietrich (5 stemmer) og Sunniva Gylver (2 stemmer).
Stephanie Dietrich vert såleis ført opp som nr. 2.

3. avstemming: Sunniva Gylver (6 stemmer) og Ragnhild Jepsen (1 stemme).
Sunniva Gylver vert såleis ført opp som nr. 3.

SR 2022/54 Oppnemning av nominasjonskomite til val av sokneråd 2023

UTGREIING

Etter forskrift om regler for valg av menighetsråd og leke medlemmer til bispedømmeråd og Kirkemøtet (kirkevalggreglene) § 6 (1), skal valstyret oppnemne ein nominasjonskomité på minimum tre personar som skal skaffe kandidatar til soknerådet. Dei skal også skaffe til veie ytterlegare forslagsstillarar, slik at det vert ti forslagsstillarar som set opp kandidatlista i prioritert rekkefølge.

Det vert vist til M-sak 2022/28, der ein ber kyrkjelydsutvala framskaffe forslag til eit medlem og eit varamedlem til valstyret sin nominasjonskomité.

Innkommne forslag er:

Utval	Forslag til medlem	Forslag til varamedlem
Holmedal	Ellen Marie Tveit	Jorunn Bull
Kvammen	Margunn Grytten Selvik	Anne Marie Sve Mandelid
Vilnes	Oddgunn Keilegavlen Grane	Helen Amundsen
Askvoll	Ingvild Loftheim	Arnt Johny Langeland
Bulandet/Værlandet		

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd oppnemner ein nominasjonskomité til kyrkjevalet 2023 sett saman av:

xx

2. Utvalet konstituerer seg sjølv.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd oppnemner ein nominasjonskomité til kyrkjevalet 2023 sett saman av:

Frå krins	Medlem	Varamedlem
Holmedal	Ellen Marie Tveit	Jorunn Bull
Kvammen	Margunn Grytten Selvik	Anne Marie Sve Mandelid
Vilnes	Oddgunn Keilegavlen Grane	Helen Amundsen
Askvoll	Ingvild Loftheim	Arnt Johny Langeland

I tillegg har kyrkjelydsutvalet i Bulandet/Værlandet fullmakt til å supplere nominasjonskomitéen med eit medlem og eit varamedlem.

2. Utvalet konstituerer seg sjølv.

SR 2022/55 Gudstenestelister

UTGREIING

Soknepresten har utarbeidd vedlagte forslag til gudstenesteplan for perioden 30. januar – 28. mai 2023.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd har ingen merknader til planforslaget.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd har ingen merknader til planforslaget.

2. Kyrkjelydens årsmøte 2023 vert sett opp etter gudstenesta i Askvoll 16. april.

FR 2022/56 Signaturrett for soknet. Justering av økonomireglementet for Askvoll sokn.

UTGREIING

Einingsregisteret i Brønnøysund inneholder formell informasjon om soknet.

Kyrkjeverja er oppgitt som dagleg leiar for soknet.

Det er ikke registrert nokon med signaturrett. Når dette ikkje er registrert, inneber det at det er styret samla som har slik rett.

Altinn.no: «Signaturrett er en fullmakt til å opptre, inngå avtaler, ta opp lån og lignende på vegne av virksomheten.»

Offentlege organ, bankar og andre verksemder bruker Einingsregisteret som oppslag for å sjekke kven som har mynde til å skrive under på soknet sine vegner.

Manglende informasjon om kven som har signaturrett kan vere eit problem, t.d. i samband med bankforbindelser. No seinast i samband med signering av ei påkrevd kundeerklæring, som dagleg leiar ikkje fekk sendt inn på ein enkel måte.

Soknerådet kan gje fullmakt til signaturrett til kyrkjeverja, for å forenkle rutinane.
Slik fullmakt kan verte innarbeidd i gjeldande økonomireglementet for Askvoll sokn.

INNSTILLING

1. Dagleg leiar/kyrkjeverje får signaturrett på soknet sine vegner.
2. Gjeldande økonomireglement for Askvoll sokn vert justert slik: Nytt pkt. 5-3: Kyrkjeverja har signaturrett på Askvoll sokn sine vegner.
3. Endringsmelding vert sendt til Einingsregistert, Brønnøysundregistra.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Dagleg leiar/kyrkjeverje får signaturrett på soknet sine vegner.
2. Gjeldande økonomireglement for Askvoll sokn vert justert slik: Nytt pkt. 5-3: Kyrkjeverja har signaturrett på Askvoll sokn sine vegner.
3. Endringsmelding vert sendt til Einingsregistert, Brønnøysundregistra.

FR 2022/57 Leiarlønn

UTGREIING

Saka vart lagt fram i møtet av Wenche Ness Gabrielsen (leiar i forhandlingsutvalet) og Jostein Gryte (nestleiar i forhandlingsutvalet).

INNSTILLING

MØTEHANDSAMING

Kyrkjeverja var ikkje til stades under saksbehandlinga.

VEDTAK

1. Soknerådet ga fullmakt til forhandlingsutvalet om å gjennomføre forhandlingar for leiarlønn.